

OPNINGAR

Tre korte poetiske:

*Då lyden blei teikna
Eg er trufast mot meg sjølv
Blå kuler*

+

Ein lang prosaisk:

Utstilling = Innstilling

Då lyden blei teikna med strek,
då blei det stilt.

Eg skreiv stilla sitt namn
med streken.

Ingen las det.
Eg gjekk derifrå.

Kva er det
med deg?
sa det
i øyro mine.
Kva har du gjort?

Eg skunda meg vekk
innan svaret nådde til meg.
Eg frykta det kom som eit steinkast.
Sand i augo.
Ei glo i panna.

Eg er trufast mot meg sjølv,
hadde ho skrive over portrettet sitt.
Eg òg! hadde fotografen skrive
like under namnet sitt.
Men det var streka over.
Så kva skal ein tru då?
(Dét hadde ingen skrive,
ingen streka over, berre lese.)

Blå kuler - små
som tomater - oppå
eit bord med tre bein
og ein skuff under bordplata der
det korkje burde liggje ein bibel
eller ei kokebok.
Og skuggen av det fjerde
bordbeinet skrått bortover bordplata!

Men på fotografiet
som fotografen tok då -
der var kulene borte
og alle bordbeina
på plass.
Blå kuler
hugsa ingen.

Sånn skal det vere.

UTSTILLING = INNSTILLING

Nyleg steig eg inn i eit veldig rom i øvste forretningsetasje i eit større varehus. Alt var stilt og heilt ordinært der inne. Det siste kan eg seie fordi eg kjende lokalet frå tidlegare besøk. Her inne selde den norske stat drikkevarer, utanlandske og norske, med alkohol og utan, til alle vaksne personar som kom hit, norske eller utanlandske, berre dei hadde upåfallande framferd og kunne betale. Varene var fulle flasker plasserte på hyller høgt oppetter veggene og på reolar med lågare hyller kringom på golvet. Her vandra eg mellom dei uopna flaskene som om eg gjekk på ein skogtur, der berre føtene førte meg innover. Og eg fall i eigne tankar.

Eller kanskje omvendt: Eg fall heilt ut or eigne tankar - som berre var å finne ein butikkfunksjonær å snakke med. Eg hadde blenda merksemda ned, slik at andre figurar enndei som likna ein funksjonær blei uvesentlege for blikket. Alt eg såg etter var ein tilsett å snakke med. Andre ting og andre personar i lokalet var silte vekk frå mi optiske interesse. Utestengde på førehand. Det er jo slikt ein har synet til. Auga var som eit nøkkelhol som berre tok imot den rette nøkkelen. Ein ganske behageleg tilstand når ein først har innstilt seg. Fredeleg, nesten avslappande. Det var berre eitt minus: Eg såg ingen funksjonær. Og heller ingen bortgøymd funksjonær i lokalet oppdaga denne kunden som hadde eit slikt nøkkelhol i ansiktet. Eg blei ståande åleine med ryggen til den vesle ubemanna skranken bak i lokalet, der kundar kan få hjelp og råd og levere personlege bestillingar på meir sære varer enn desse som står på hyllene, og vende meg mot det svære rommet. Då var det at auga mitt også vende ryggen til meg og såg sjølvstendig på interiøret. Brått var lokalet folketomt, og det overveldande vareutvalet synte seg som ein heilskap, perfekt arrangert etter rom- og reolformer, etter flaskeformer og -fargar. Abstrakte eigenskapar, men også fysiske. Reolane utpå golvet var forma lik avlange fuglebergholmar i sjøen, avrunda på eine kortsida, rett avskorne på baksida, etasjevis avtrappa opp- og bakover. Og på kvar hylle stod tunge gjennomskinelege sylindriske flasker innover i djupna, alle med smalnande oppstrekke halsar. Meir framskotne nedpå golvet reiste det seg stablar med pappkartongar, som bustadblokker i små drabantbyar. Somme flaskefelt likna einsarta, gammal skog. Andre likna instrumentvegger i eit moderne kraftverk. Eller eit lager med industrielle reservedelar. Alt arkitektonisk ordna, smakfullt og harmonisk, truleg for å framstå som eit freistande assortement og ein invitasjon til sjølvplukking. Men å ta

med seg noko herifrå ville vere å øydeleggje ein vakker heilskap. Her var ingen som straks kunne setje ei ny flaske inn i tilfelle eg tok ei ut. Dei lange strekningane med sine grupperingar, massive volum, einsarta flater, mørke djupner, komponerte av like objekt, kravde å få vere i fred som dei var. Alle var avslutta og fullkomne ved å vere laga av like element. Ulike likskapar. Men lik orden. Ikkje lik nokon annan orden.

Kvifor hadde eg ikkje sett dette før nå?

Her oppdaga eg - d.v.s. auga mitt - også noko eg burde ha notert meg for lenge sidan: Her inne mellom alle emballasjane for drikkande væske, sylindriske av glas, rektangulære av papp, hadde eg aldri nokon gong kjent meg tørst! Dersom det var nokon levande lengt inni meg her inne, så sat ikkje den i halsen, men i augo.

Eg forklarar hendinga med "Jon Gundersen".

Visseleg har eg mang ein gong før sett både estetisk og arkitektonisk på litt av kvart som ikkje just ropa etter å bli betrakta slik, berre bli brukt. Men her fall eg vidare - inn i ei anna betraktning, så å seie som kontrast til flaskene, som jo var fulle. Ja, ikkje berre fulle, men avslutta og endelege. Inni som utanpå. Etter alle hundreåra med stadig planting og utprøving av druesortar, etter tider og måtar med knusing og pressing og siling og gjæring, etter uteljande smakingar, tappingar, blandingar, jamvel destilleringar, etter mange slag lagringar, etter skiftande transporterar vekk i krukker av leire, i attsydde magesekkar og oksehudar, etter oppdaging av korken på korkeika og kunsten å smelte sand til glas og å blåse rennande glas til flasker - til - like flasker - og ikkje minst, etter utviklinga av papiret og trykkekunsten - etter alt dette stod dei her nå, endelege som sarkofagar i eit mausoleum, kvar einskild med sin eigen kortfatta nekrologetikett klistra utanpå. Ja.

Men også nei. Nei. For det var noko anna i skobutikkane. I alle skobutikkane eg hadde vore inne i før - utan å ha sett dei på denne måten før i dag. For brått lengta eg inderleg etter å stå inne i ein skobutikk og kikke på emballasjeutstillinga der. For kva var vel og er vel nye sko, anna enn *tom* emballasje? Alle dei tomme skorne som ennå ikkje var fylte med folks føter! Alle byrjingane samla der!

Den som kunne sleppe å sjå menneskeføter i skorne for ei kort stund, berre sjå skorne! Kva andre stader kunne ein vel sjå slikt? I moskéar, kanskje, men her var ingen slik. Og alle skorne utanfor bønerommet i moskeen var dessutan brukte. Då var det noko anna med stablane av skoøskjer i butikken og rekkene med utstilte ubrukte sko, anten dei var framviste parvis eller berre med som rekker med einsame høgreskor. Om alle var ulike, hevda likevel alle dei tomme skorne det same, at dei var representantar for noko anna enn seg

sjølve: Ein type, eit formål, ein stil - ei framtid. Samanstilte var dei eit kunstverk. Å tenkje på dette var likevel ikkje det same som å sjå det. Nå ville eg til skobutikken. Einast der kunne eg sjå noko slikt. Noko slikt kva-for-noko? Ja, det var det eg ville finne ut.

Ein stad inni meg kviskra eg likevel eit svar: Ein slik skulptur. Det får meg til å grunngi dette tenkte besøket i skobutikken med "Jon Gundersen". Har han først installert seg i hjernen din, blir det lett slik. Difor gjekk eg også vidare: Eg greip meg brått i å sjå for meg golvflatene attmed dei fulle flaskene inne i vinmonopolutsalet dekk med tomme sko. Det var det eg gjorde. Og eg såg ned på skorne eg sjølv stod i. I desse skorne skulle eg gå vidare. Gå til eg kom til ei ny utstilling av Jon Gundersen, ei som ennå ikkje var laga og som eg aldri før hadde sett. Ingen ville sjå utanpå skorne mine noko som helst av dette, om ikkje eg stilte dei opp på ein synleg stad og skreiv nokre informerende ord ved sida av. Men kvar gjer ein slikt? Kanskje i gamle slott eller residensar der vidgjetne storfolk har budd. Eller i Auschwitz der restar av jødiske eigneluter er opphopa kvar for seg, kuffertar, hår, sko. Eller i skodesign-utstillinga i V & A-museet i London. Ein skulptør vi alle veit om, sjølv om vi aldri har møtt han, Claes Oldenburg, ville kanskje ha laga ein enorm skulptur, mange meter høg, av eit par sko, berre at han ville ikkje laga skulpturen av uforgjengeleg stein eller bronse, men av eit mjukt materiale. Helst seilduk. Mjukt. Soft. Han laga fleire slike, t.d. ein enorm mjuk lipstick-skulptur til ein utadørs urban stad. Når eg tenkjer på Oldenburg, er det just fordi han minner om Gundersen. Oldenburg som skulptør må ha sett det same som kollega Gundersen, sjølv om sistnemnde gjorde det stikk motsette. Begge nytta mennesket si sjølvoppfatning av eigen storleik som utgangspunkt. Oldeburg laga skulpturar som var overdimensjonerte i høve til betraktaren, noko publikum hadde sett før, når det galdt påminningar om store gudar, store fyrstar, store heltar eller store historiske hendingar. Men jamført med denslags skulpturar var Oldenburg sine å rekne som anti-skulpturar. Det galdt både skulpturmotiva - som alle var små, kvardagslege, forgjengelege trivialting - og det galdt materiala, som var mjuke og forgjengelge, motsett av dei tradisjonelle harde og uforgjengelge (stein, metall). Gundersen brukar gjerne små ting, mindre enn mennesket, og han brukar gjerne fleire like. Han gjer det slik at tinga blir ein annan ting. Nyare og annleis minneverdig enn då komponentane kvar for seg berre var bruksting. Nå er dei brukande berre som stoff. Likevel ikkje berre som hans uttrykksstoff. Nei, snarare tvert imot. Gundersen sjølv er ikkje den vi ser for oss eller tenkjer på eller forstår betre når vi ser på det han har laga. Vi ser tinga og kva dei fortel.

Eg skuldar dette på den Jon Gundersen som ikkje er der. Men eg veit eg er på eit villspor der. Eg kan like godt skulde på meg sjølv, for eg er der jo. Så eg skuldar det på at eg sjølv er ein som kan brukast til noko anna. Noko anna enn kva? Noko anna enn berre å vere ein ordinær språkbrukar. Eg kan også vere ein språkoppdagar. Ein som oppdagar andre språk enn dei eg kjende frå før. Då blir eg forundra - og stundom opplyst av mi eiga forundring.

Her kan eg ikkje la vere å minne både meg sjølv og andre om noko ytterst vanleg, og likevel ytterst merkeleg: Det er, folkeleg sagt, ikkje måte på kva som kan overraske eit menneske. Samstundes som det heller ikkje måte på kva som *ikkje* overraskar eit menneske. Anten vi uttrykkjer oss i ord eller bilde, kan vi kommunisere sindig og klokt og effektivt, uansett kva emnet er. Vi kan spontant trivialisere så vel dei verste som dei vakraste tankar, synsmåtar og fenomen, jamvel om vi møter dei for første gong. Serleg når vi nyttar ord.

Det forundrar meg ikkje kva titlar Gundersen har på det han har laga. Eg kallar det skulpturar, fordi det er tredimensjonale objekt laga for å bli betrakta av meg. Andre vil kalle det installasjonar. Det ordet likar eg ikkje. Vi er alle installasjonar og installatørar. Det som forundrar meg, er kva materiala og tinga seier til meg. Ikkje via påminningar til orda i språket mitt, men via kroppen min, vanane mine, erfaringane mine. Gundersen nyttar seg nemleg av kroppen som målestokk. Den har hans skulpturar og eg felles. Han over- eller underdimensjonerer nødig. Dette gjeld også bruken av rommet. Det hender ein er inne i ein av hans skulpturar og ikkje utanfor - utan at tinga som skulpturen er laga av har gjort seg større.

Og så er det dette med tinga. Dei fleste er eller har vore menneskeskapte bruksting. Det er difor kroppen vaknar og blandar seg inn i opplevinga. For det er kroppen som kjenner på seg korleis det er å strekke ut hendene, gripe tak, trykke på knappar, stryke over metall og emalje. Kroppen kjenner bruksforventingar om tyngd, motstand, utslag, verknader, og denslags. Mi kroppserindring er ikkje kongruent med mitt språk og mitt snakk. Auga er ein lesar som les mangt anna enn bokstavar, former og fargar. Auga, som ser alt utan seg sjølv, sladrar også til kroppen min om langt meir enn eg får vite.

Å bruke ting omatt på nye måtar og til andre formål, har vi sett mange døme på i kunsten. Men hos Gundersen er det noko anna som skjer når han nyttar tinga til noko anna enn sine opphavlege bruksføremål. Dei blir likevel verande seg sjølv. Dei ber både på si historie, sine eigenskapar og sine uttrykk. Også når vi ikkje ser dei, må vi spørje: Har dei som oss si eiga tid og sin eigen identitet? Dei kan

minne om reven i Skredes dikt. Reven som beit av seg beinet då han hadde sett det fast i revesaksa - og etterpå kjende seg som meir rev enn andre revar. Vi hugsar Gundersen sine kleshengarar annleis enn våre eigne kleshengarar.

Eg hadde sett utstilte ting av Gundersen før eg visste kven han var. Då eg ein gong tilfeldigvis var på besøk i det veldige mylderet av tilsidesette, forkasta, forelda, gløynde, upåakta menneskeskapte ting - reservedelar, prydting, reiskapar, teknologiske hjelpemiddel - stundom uidentifiserbare - som han omgir seg med der han arbeider, blei eg ikkje berre bortrykt og overvelda. Eg opplevde samstundes ei stadfesting av noko eg lenge hadde mumla om i min eigen verkstad, der eg samanstillir lånte, resirkulerte ord i ei historisk ettertid. Eg hadde lenge vore merksam på at menneska støtt bruka gå på oppdaging, same kva stad dei kom til, helst i alt dette andre som dei kalla naturen, og som dei freista forstå, kontrollere og bruke. Nå var det knapt meir att å oppdage i naturen. Til gjengjeld var det oppstått eit eige univers i våre samlingar, i våre arkiv, i våre bibliotek, i våre museum. Der kunne vi nå gå inn og gjere nye oppdagingar. Kanskje av eit anna slag? Sjølv kunne eg gjere nye oppdagingar i brukt språkstoff - utan å lage noko nytt sjølv. Gundersen oppdaga så å seie nye arter når han streifa mellom objekta i den menneskeskapte teknologien. Ein ny type liv. Eg kunne kalla hans funn for "mutasjonar", med eit uttrykk frå zoologien og biologien. Verdens utalde mutrar blei like fascinerande som verdens kattar. Verdens utbrende lyspærer like spennande som verdens oppetne korn. Eller som dagens virus. Ein spikerpakke var like gripande som ein salme. Eg vil ikkje kalle dette religiøst. Heller ikkje humanistisk. Guddommeleg realistisk, er meir dekkande. Altså ein utvida realisme.

Det er slik ein blir streifa av etterpå. Etter at Gundersen har stilt tinga ut og stilt oss inn.

Ved eit tilfeldig høve vitja eg ein gong ein prest som bygde ut ei prektig steinbrygge som tilhørde prestegarden. Som materiale nytta han store tilhogde heller og steinar han hadde funne var til overs etter ei modernisering av gravene på den lokale kyrkjegarden. På alle bryggesteinane var det innhogd bokstavar og tal. Når han murte, la han taktfullt alle gravsteinane med årstal og namn og minneord ned og baksida opp. For dette var gjenbruk og omfunksjonering. Då tenkte eg, og eg tenkjer framleis: Gundersen kunne også murt ei bryggje av brukte gravsteinar, men han ville lagt dei med framsida opp. Det ville gitt føtene som kom dit noko å tenkje på og snakke om.